

Aktiv langrennsheg!

17.02.2016



Emma, Hanna, Silje, Saima og Linnea hadde ein flott dag på Ulvikarenet(Foto: Knut J. Ripel)

Konkurransesesongen er endeleg i gang for dei aktive langrennsløparane i bygda. Etter lokalt karusellrenn i midtveka var det klart for nye konkurransar i helga. Medan dei tre eldste langrennsungdommane deltok i Norges Cup-renn for junior på Hovden, reiste nokre av dei yngre løparane til Ulvik og var med i kretsrenn.



På veg mot mål etter flott innsats!

Norges-cupen forflyttar seg rundt i landet, og denne helga var det altså på Hovden. Dei tre eldste frå skigruppa, Solveig Haugland, Tord Sæle og Johannes Haugland nytta då anledningen til å vera med sidan det var i «nærområdet». Det er dei skarpaste juniorane, 17-20 år frå heile landet som deltar i denne cupen, så her var det god motstand å finna. Løpa på Hovden skulle egentleg gå over tre dagar, men blei dessverre avlyst på søndagen då temperaturen var alt for lav.

Det er inspirerende for desse treningsvillige og flinke ungdommane å få delta i slike samanhengar. På Hovden deltok heilt sikkert dei som vi kjem til å følgja via TV-stjerner som stjerner i komande meisterskap om nokre år.

Betre temperatur var det på Drevtjørn, Ulvikahøgda. Her deltok Hanna Tvilde, Silje Soldal, Saima Kristine Døssland, Emma M. Ripel og Linnea M. Ripel. Ulvik har eit flott og intimt skianlegg med flotte løyper som det virkar til at ungdommen likar godt i, ein kjekk plass å reisa til. Også her møter ein god motstand, utan at det tar gnisten frå dei unge. Dei gjorde alle tre ein flott innsats.



Solveig går Norges Cup på Hovden.

Tekst: Knut Johannes Ripel/Thor Inge Døssland

Nett: Thor Inge Døssland